



VARTDAL GJENVINNING AS AVD FLORØ
Hamnevegen 155
6170 VARTDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Rapport etter tilsyn hos Vartdal Gjenvinning AS avd. Florø

Kontrollnummer: 2024.184.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 7. mai 2024 hjå Vartdal Gjenvinning AS avd. Florø (organisasjonsnummer: 916263791).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har manglar i handtering av farleg avfall
- Avvik 2: Verksemda har manglar ved internkontrollen

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Vartdal Gjenvinning AS avd. Florø må snarast rette opp avvika. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvika er retta innan **1. oktober 2024**.

De må betale gebyr

Vartdal Gjenvinning AS avd. Florø må betale eit gebyr på 31 200 kroner for tilsynet.



Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnummer 2019/2192.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda har manglar i handtering av farleg avfall

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Avfallsforskrifta

- § 11-2 om vurderingsplikt
- § 11-5 om forsvarleg oppbevaring

Utsleppsløyve av 17. desember 2007, sist endra 28. august 2018

- Punkt 3.8 - særskild om farleg avfall

Om krava

Avfallseigar har ansvar for å vurdere om avfallet er omfatta av regelverket i avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 1 og 2. Her er det summeringsreglar for avfall som inneheld fleire miljøfarlege stoff, med terskelverdiar, for å avgjere om avfallet er farleg avfall.

Farleg avfall skal handterast på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for foreining eller skade på menneske eller dyr.

Det er presisert i løyvet at farleg avfall skal skjermast mot nedbør og at lagring skal skje på ugjennomtrengelig fast dekke eller i containar med dobbel botn.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Oppsop frå anlegget vart samla opp og prøvetatt for å avgjere vidarelevering av avfallet. Under tilsynet kunne det ikkje dokumenterast korleis analyseresultata vert vurdert, og verksemda kunne ikkje dokumentere om dette avfallet var klassifisert som farleg avfall eller ikkje.

Vi observerte fire blybatteri lagra ute.

Avvik 2: Verksemda har manglar ved internkontrollen

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Internkontrollforskrifta

- § 5 andre ledd punkt 6 om kartlegging av farar og vurdering av risiko

Om krava

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift. Ein må ha eit klart bilete av risikoen for å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å etablere eit akseptabelt risikonivå. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og må haldast oppdatert og spegle den faktiske drifta ved verksemda.



Observasjoner på tilsynet og vår vurdering

Flytande farleg avfall var lagra i hall i IBC-conteinarar. Lagring av farlig avfall i rom med sluk kan føre til fare for forureining ved uhell. Ved eventuelle større utslepp vil ikkje oljeutskiljaren fungere som reinsløyising og vil føre til utslepp i fjorden.

Det vart opplyst at det ikkje var gjort ei miljørisikovurdering av lagring av farleg avfall utan oppsamlingsarrangement i rom med sluk og avrenning til oljeutskiljaren.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Vartdal Gjenvinning AS avd. Florø må betale eit gebyr på 31 200 kroner for tilsynet. Dette svarar til sats 2 for tilsyn av inntil ein dag, og er gitt på bakgrunn av forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 7. mai 2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Vartdal Gjenvinning AS avd. Florø sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet vart gjennomført som ein del av den nasjonale tilsynsaksjonen retta mot anlegg som tek imot og mellomlagrar farleg avfall. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsvarande aksjonar, sist i 2018. Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Ingrid Torsnes
- Toril Marie Mulen

Kontaktperson hos verksemda:

- Linn Kristine Amdal Danielsen

Anlegg

Følgjande anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Vartdal Gjenvinning AS avd. Florø



Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- mottakskontroll av avfall
- lagring og merking av farleg avfall
- vidarelevering av farleg avfall
- utslepp til vatn
- internkontroll, inkl. risikovurdering og avviksbehandling

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Industriutsløppsdirrektivet

Verksemda har løyve til å lagre meir enn 50 tonn farleg avfall og er dermed omfatta av industriutsløppsdirrektivet (IED). Dette vil vere gjeldande for verksemda når vilkåret er inkludert i utsløppsløyvet.

Vi vart ved tilsynet gjort merksam på at uteområdet skulle oppgraderast ved bl. a å legge dekke over eit gruslagt område der oljeutskiljaren ligg. Verksemda hadde planar om å undersøkje grunnen for forureining og eventuelt utarbeide ein tiltaksplan før nytt dekke vart lagt. Det er eit krav for alle IED-bedrifter at ein skal vurdere behovet for forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn og utarbeide full tilstandsrapport dersom ein mistenker forureining i grunnen. Dette vil gjelde heile området og ikkje berre det grusa området.

Grunnforureining

Dersom undersøking av grunnen viser forureining, så må verksemda lage ein tiltaksplan. Denne skal godkjennast av forureiningsstyresmakta.

Oljeutskiljaren

Utsløppsløyvet har ei utsløppsgrense på oljeutskiljaren på 50 mg/l. Denne grenseverdien vil Statsforvaltaren vurdere ved neste endring av løyvet. Verksemda må rekna med at kravet vil bli innskjerpa.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.



Med helsing

Mari Katrine Berg-Arnesen
senioringeniør

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

KINN KOMMUNE

Postboks 294

6701

MÅLØY